

**PLANOMTALE FOR " DETALJREGULERINGSPLAN FOR GREVSNESET,**

**(GNR. 31, BNR. 1 OG 7)"**


**PLANIDENT : 2019001**

**PLANTYPE: detaljreguleringsplan**

**Volda kommune**

**Formannskapet**

**Storemyra 2, 6100 Volda**



Planområde

**AG Plan og Arkitektur AS**

2002011841

Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Besøksadr: Webjørn Svendsen gate 12

6150 ØRSTA

Telefon: 70 06 16 00

Org. nr: 884 182 042 MVA

Sentral Godkjenning:

Org.nr: 884 182 042 MVA

[www.agplan.no](http://www.agplan.no)

[firmapost@agplan.no](mailto:firmapost@agplan.no)

## AG Plan og Arkitektur AS

Oppdraget sitt namn: DETALJREGULERINGSPLAN FOR GREVSNESET

Dokumentet sitt namn: Planomtale

Saksnr: 2319

Nasjonal arealplan-ID: 2019001

Oppdragsgjevar: Aurstad AS (for eigar av gnr. 31 bnr.1)

Oppdragsgjevar sin representant:Cato Aurstad (CA)

AG Plan og Arkitektur AS: Oppdragsleiar: Kåre Gjengedal (sivilingeniør/planleggar)  
Medarbeidar: Jorunn Beate Lillebø Lande, JBLL (sidekontroll)

Som følgje av merknader ved offentlig ettersyn er planomtalen, føresegnene og plankart revidert av **Norconsult AS** v/ Kåre Gjengedal juni 2021. Endringane er gjort som følgje dialog mellom kommunen, dei berørte off. mynda og tiltakshavar. Partane er samde om dei endringane som er gjort. Sidekontroll ved revisjonsarbeidet er utført av Marco Böhm.

1	30.06.2021	39		KG	MB	CA
	05.10.2020	36		KG	JBLL	CA
Rev.nr	Dato	Tall sider rapport (+ appendix)		Utarbeida	Kontrollert	Godkjent
Signert rapport original er arkivet hjå Norconsult						
Oppdragsnr.			Dokumentnr	Filnavn		
2319 – ved R1: 52104739			1	P:\prosjekt\2319-Grevsneset\Prosjektmappe/ Plandata\Tekstdokument\Planomtale.doc		
				Ved R1: N:\521\04\52104739\5 Arbeidsdokumenter\52 Planomtale\Planomtale		

---

<b>1. Samandrag</b>	7
<b>2. Nøkkelopplysningar</b>	9
<b>3. Bakgrunn</b>	10
3.1 Føremålet med planen	10
3.2 Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold	10
3.3 Tidlegare vedtak i planen	10
3.4 Utbyggingsavtale	10
3.5 Krav om konsekvensutgreiing	10
<b>4. Planprosessen</b>	11
4.1 Medverknad, oppstart, ev. planprogram	11
<b>5. Planstatus og rammevilkår</b>	12
5.1 Overordna plan	12
5.2 Gjeldande reguleringsplanar	13
5.3 Tilgrensande planar	13
5.4 Temaplanar	14
5.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	14
<b>6. Skildring av planområdet, eksisterande forhold</b>	14
6.1 Plassering, avgrensing og storleik på planområdet	14
6.2 Dagens arealbruk og til støytande arealbruk	15
6.3 Området sin karakter	15
6.4 Landskap	15
6.5 Kulturminne og kulturmiljø	15
6.6 Naturverdiar	16
6.7 Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk, uteområde	16
6.8 Landbruk	16
6.9 Trafikkforhold	16
6.10 Born sine interesser	17
6.11 Sosial infrastruktur	17
6.12 Universell tilgjengelegheit	17
6.13 Teknisk infrastruktur	17
6.14 Grunnforhold	17
6.15 Støyforhold	17
6.16 Luftforureining	17
6.17 Risiko- og sårbarheit (ROS)	17

---

6.18	Næring .....	17
6.19	Analysar/utgreiingar.....	17
<b>7</b>	<b>Skildring av planforslaget .....</b>	<b>17</b>
7.1	Planlagt arealbruk, omtale av mineralressursen, omtale av forbruk.....	17
7.2	Reguleringsføremål .....	18
7.3	Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane .....	19
7.4	Tilknytning til infrastruktur .....	25
7.5	Trafikkøysing .....	25
7.5.1	Køyretilkomst.....	25
7.5.2	Utforming av vegar .....	25
7.5.3	Tilgjengelegheit for gåande/syklende .....	25
7.5.4	Felles tilkomstvegar, eigedomsforhold .....	25
7.6	Planlagde offentlege anlegg.....	26
7.7	Miljøoppfølging .....	26
7.8	Universell utforming.....	26
7.9	Landbruksfagleg vurdering.....	26
7.10	Kollektivtilbod.....	26
7.11	Kulturmiljø/kulturminne .....	26
7.12	Sosial infrastruktur .....	26
7.13	Plan for vatn/avlaup, tilknytning off. nett.....	26
7.14	Plan for avfallshenting/søppelsug .....	26
7.15	Avbøtande tiltak / løysingar ROS .....	26
7.16	Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova .....	29
7.17	Rekkjefølgjebestemmingar.....	30
7.18	Kort omtale av planskisse, jf. teikning 2319-200 .....	30
7.19	Kort omtale av illustrasjonsplan, etterbruk, jf. teikning 2319-300.....	31
<b>8</b>	<b>Konsekvensutgreiing (KU).....</b>	<b>34</b>
8.1	Samandrag .....	34
8.2	Grunngjeving for ikkje KU.....	34
<b>9</b>	<b>Verknadane/konsekvensane av planframlegget .....</b>	<b>34</b>
9.1	Overordna planar .....	34
9.2	Landskap.....	34
9.3	Planområdet sin karakter.....	34
9.4	Byggeform og estetikk.....	34
9.5	Kulturminne/kulturmiljø, ev. verneverdi .....	34

9.6	Forholdet til krav i Naturmangfaldlova.....	35
9.7	Rekreasjonsinteresser .....	35
9.8	Uteområde .....	35
9.9	Trafikkforhold.....	35
9.10	Born sine interesser.....	35
9.11	Sosial infrastruktur .....	35
9.12	Universell tilgjengelegheit.....	35
9.13	Energibehov og energiforbruk .....	35
9.14	Risiko- og sårbarheit (ROS).....	35
9.15	Jordressursar/landbruk .....	35
9.16	Teknisk infrastruktur .....	35
9.17	Økonomiske konsekvensar for kommunen.....	35
9.18	Konsekvensar for næring .....	35
9.19	Interessemotsetningar.....	35
9.20	Avveging av verknadar .....	36
<b>10</b>	<b>Innkomne innspel .....</b>	<b>36</b>
10.1	Merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering.....	36
10.2	Oppsummering – dei viktigaste innspela til planarbeidet .....	36
10.3	Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget.....	37
<b>11</b>	<b>Avsluttande kommentar.....</b>	<b>37</b>
<b>12</b>	<b>Eigne dokument.....</b>	<b>38</b>
12.1	Plankart .....	38
12.2	Føresegner .....	38

**Vedlegg A:** A1: Vurdering av innspel/merknader  
A2: Innkomne skriv

**Vedlegg B:**  
(Teikningar) Planskisse (2319-200, -201, -202); Planskisse uttaks-, produksjons- og driftsområde.  
Illustrasjonsplan (2319-300,-301, -302, -303); Etterbruk av areal

**Vedlegg C:** C1 Sjekkliste ROS  
C2 Sjekkliste naturmangfald  
C3 Støyrapport AKU-01R 10974801 Grevsneset massetak 7.04.2020  
C4 «Aurstad Tunell AS SKREDFAREVURDERING OG VURDERINGAR  
KNYTT TIL UTTAK AV URMASAR GREVSNESET MASSEUTTAK» AV  
14.06.2021 Versjon: 02

C5 «Aurstad Tunell AS: SKREDFAREVURDERING FOR  
REGULERINGSARBEID GREVSNESET MASSEUTTAK» AV 25.06.2021  
Versjon:03.

C6: Typisk snitt sikringsvoll ned om område for uttak lausmasser (område  
BSM1), E-post av 28. mai 2020

C7: Faresonekart dat. 18.06.2021

C8: E-post frå Asplan Viak AS av 14.06.2021

C9: E-post frå Asplan Viak AS av 18.06.2021

C10:

**Vedlegg D: - uprenta vedlegg: jf. tidlegare sendt kommunen**

D1 Referat frå oppstartsmøte, dat. 04.04.2017

D2 Utsendte dokument i samband med forvarsling 1. gong, dat.  
10.09.2019

D3 Annonse i samband med forvarsling 1. gong, 10.09.2019

D4 Utsendte dokument i samband med forvarsling 2. gong, dat.  
11.11.2019

D5 Fylkesmannen - returasfalt, brev

D6 Returasfalt – vedtak

D7 Ingeniørgeologisk vurdering steinbrudd Grevsneset

## 1. Samandrag

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare skal eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returasfalt og returbetong inngå. Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan i.h.t. PBL § 12-3.

Området er i framlegg til kommuneplanen sin arealdel lagt ut til dei aktuelle reguleringsføremåla. Grunnen i området er i privat eige. Tiltakshavar finn at det er stort behov for uttak av masser til bruk innan bygg- og anlegg i regionen. Fylkesmannen har gitt løyve til etablering av anlegg for mottak og bearbeiding av returasfalt og returbetong. Det er stor trong om slikt anlegg. Så langt vi kjenner til er det ikkje slikt anlegg i drift i regionen for tida.

Masseuttaket omfattar

- Ca. 25-35.000 m<sup>3</sup> lause masser i steinur (usikker mengd grunna ukjent djupne til fjell, jf. og stabil skråning).
- Ca. 720.000 m<sup>3</sup>. faste masser i fjell.
- Driftstid for uttaket, ca. 8-15 år.

Massane vil nyttast til vegbygging, landbruksføremål, bustadføremål og i tilknytning til industriområde - med unnatak av som tilslag til asfalt- og betongprodukt. Masseuttaket «Grevsneset» vil dekke Aurstad sitt behov for masser i området Volda og Ørsta i uttaksperioden. Det er noko usikkert kor store mengder som vil nyttast årleg, men det er i driftsplanen lagt til grunn eit forbruk på 50.000 – 100.000 m<sup>3</sup> årleg. Dette betyr ein driftsperiode på 8-15 år.

Tiltaket er vurdert etter “Forskrift om konsekvensutgreiing ” etter plan- og bygningslova. Ein har konkludert med at planlagde tiltak ikkje kjem inn under regelverket med bakgrunn i nyleg vedteke kommuneplan (jf. KU-utgreiing der).

Tiltakshavar er Aurstad AS (for eigar av gnr. 31 bnr.1). Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som sakshandsamar og fagansvarleg. Jorunn Beate Lillebø Lande (JBLL) har assistert KG i arbeidet, jf. sidekontroll. Revisjon 1 i juni 2021 er utført av Kåre Gjengedal, no i firma **Norconsult AS**. Sidekontroll ved revisjon 1 er utført av Marco Böhm.

### Endringar som følgje av rev. 1:

- Planomtalen:
  - Pkt. 4.1 vedkomande etterspurde avklaringar frå kommunen
  - Pkt 6.9 vedkomande trafikkforhold
  - Pkt. 6.17 vedkomande ROS
  - Pkt. 7..3 vedkomande Steinbrot og massetak, rasfare og kvilebrakker
  - Pkt. 7.5 vedkomande køyretilkomst
  - Pkt. 11 vedkomande avsluttande kommentar
- Føresegnene:
  - §4 pkt. 4.1 b) og g)
    - Avstand sprenging til tunell
    - Endra data/versjon geologiske rapportar.
- Plankartet:
  - Fareområde, skred, H310. Endra i h.h.t. nye geologiske rapportar.
- Vedlegg:

- C4: «Aurstad Tunell AS SKREDFAREVURDERING OG VURDERINGAR KNYTT TIL UTTAK AV URMASSAR GREVSNESET MASSEUTTAK» AV 25.05.2020  
Versjon: 01 er oppdatert og ligg ved i versjon 02 dat.14.06.2021
- C5: «Aurstad Tunell AS SKREDFAREVURDERING FOR REGULERINGSARBEID GREVSNESET MASSEUTTAK» AV 03-02-2020  
Versjon:02 i ny versjon 04 datert 25.06.2021.
- C7: Faresonekart
- C8 og C9: E-postar frå Asplan Viak AS av 14.06.2021 og 18.06.2021
- C10: Kopi av skriv frå Statens vegvesen datert 13.07.2005 vedkomande Vegdirektoratet sitt vedtak vedkomande omklassifisering av riksveg 651 hp 01 Grevsneset – Løvikneset.

Føremål	Areal (daa)
Bygningar og anlegg	
Steinbrot og massetak:	60,8
Annan type bebyggelse og anlegg: returbetong	0,9
Annan type bebyggelse og anlegg: returasfalt	1,1
Annan type bebyggelse og anlegg: lager sprengingsutstyr	1,0
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	
Køyreveg	3,8
Grønstruktur	
Naturområde, buffersone mot edellauvskog	2,7
Naturområde, edellauvskog	3,8
Landbruks-, natur og friluftsføremål	
Skogbruk	36,5
<b>Samla areal plan</b>	<b>110,6</b>



## 2. Nøkkelopplysningar

Stad/kommunedel:	Grevsneset
Stad/adresse:	6106 Volda
Gnr /bnr':	Gnr. 31, bnr.`a: 1 og 7
Forslagstillar:	Aurstad AS (for eigar av gnr. 31 bnr.1 )
Plankonsulent:	AG Plan og Arkitektur AS
Eksisterande planstatus:	I forslag til kommuneplan, som er under utarbeiding, er området lagt ut til råstoffutvinning, BRU9-Grevsneset.
Planområdet sitt areal i daa:	110,6 daa
Viktigaste fremma reguleringsformål:	Steinbrot og massetak, Annan type bebyggelse og anlegg: returbetong, returafalt, lager sprengingsutstyr
Grad av utnytting:	Ikkje relevant
Tal nye bueiningar:	Ikkje relevant
Aktuelle problemstillingar:	Skredfare/-sikring, støyforhold
Oppstartsmøte-dato:	29.04.2019
Kunngjering, dato (avis):	14.09.2019
Varslingsdato berørte partar (brev):	10.09.2019
Varsling høyringsorgan:	10.09.2019
Frist for merknad:	29.10.2019
Utvida varsling, jf. justering av plangrensa:	11.11.2019
Frist for merknad ved utvida varsling:	12.12.2019
Medverknad utover varsling:	Nei.
Krav om konsekvensutgreiing:	Nei

## 3. Bakgrunn

### 3.1 Føremålet med planen

Hovudføremålet med planarbeidet er å få godkjent ein reguleringsplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare inngår eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returasfalt og returbetong. Det visast til pågåande kommuneplanarbeid og til Fylkesmannen sitt vedtak med løyve til mottak og mellomlagring og knusing av returasfalt av 30.04.2018. Samla masseuttak er ca. 25-35.000 m<sup>3</sup> lause masser (i området med ur stipulert snittdjupne 6-8 m) og 720.000 m<sup>3</sup> fast masse i fjell. Pårekna driftstid 12-15 år.

Reguleringsplanen vert fremja som ein detaljplan iht. § 12-3.

### 3.2 Tiltakshavar, konsulent, eigarforhold

Tiltakshavar er Aurstad AS (for eigar av gnr. 31 bnr.1 ). Planarbeidet er utført av AG Plan og Arkitektur AS med Kåre Gjengedal (KG) som planleggar/fagansvarleg. Jorunn Beate Lillebø Lande (JBLL) har utført sidekontroll av arbeidet.

### 3.3 Tidlegare vedtak i planen

Spørsmål om planstart vart handsama i Volda formannskap 11.06.2019 med slikt vedtak:

*FSK- 76/19 Vedtak: Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, formannskapet til å gi løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 31, bnr. 1 på Grevsneset.*

### 3.4 Utbyggingsavtale

Ikkje relevant, heller ikkje for etterbruken av området.

### 3.5 Krav om konsekvensutgreiing

Så langt vi kan vurdere planinitiativet opp mot "Forskrift om konsekvensutgreiing " vedlegg II pkt. 2 a) ikkje ha vesentlege verknader på forhold som påpeika i forskrifta sin §10. Det vert lagt til grunn at masseuttaket skjer etter driftsplan utarbeidd etter Bergvesenet sine retningslinjer, og godkjent av kommunen.

Det vert elles lagt til grunn at forhold knytt til området med edellauvskog søraust for planområdet ikkje vert påverka. Vi har i dialog med fagmynde avklara område for vernesone mot tilgrensande område for edellauvskog. Det er ikkje krav utgreiing av forhold knytt til oter som følgje av varsla om planstart.

I kommunen si saksutgreiing til formannskapet i sak FSK-76/19 (sak om spørsmål om planstart) heiter det:

*Konsulent har gjort vurderingar knytt til vesentlege verknader, og konkludert med at planarbeidet ikkje utløyser krav om planprogram. Kommunen seier seg samd i vurderinga.*

*Tiltaket er konsekvensutgreidd i samband med kommuneplanen sin arealdel med slik konklusjon: «Omfanget av tiltaket vil truleg kunne ta omsyn til verdiane i området og ikkje medføre store negative konsekvensar. Det må avklarast om tiltaket krev sikring mot skred. Det vil vere krav om RP for tiltaket. Forslaget kan imøtekomast på vilkår av avbøtande tiltak i RP.»*

## 4. Planprosessen

### 4.1 Medverknad, oppstart, ev. planprogram

AG Plan og Arkitektur AS hadde saman med tiltakshavar oppstartsmøte med kommunen 29.04.2019.

Planinitiativet vart gått gjennom og kommunen hadde – som det går fram av referatet frå møtet - ikkje vesentlege merknader til planstart. Plansituasjonen i området hadde i midlertid slik status at det var naudsynt med avklaring av planstart i formannskapet.

Spørsmål om planstart vart så handsama i Volda formannskap 11.06.2019 med slikt vedtak:

*FSK- 76/19 Vedtak: Rådmannen rår i medhald av plan- og bygningslova, § 12-8, formannskapet til å gi løyve til oppstart av reguleringsplanarbeid på gnr. 31, bnr. 1 på Grevsneset.*

Det blei varsla oppstart av planarbeidet ved annonse i avisa Møre 14.09.2019 og skriv til berørte partar og offentlege høyringsorgan 10.09.2019, med frist for å kome med innspel sett til 29.10.2019. Grunna behov for utviding av planområdet vart dette varsla ved brev til berørte partar og offentlege høyringsorgan 11.11.2019. Frist for merknad ved utvida varsling var sett til 12.12.2019. Det kom inn totalt 13 merknader/innspel, viser elles til vedlegg A1 og kapittel 9 i planomtalen.

Vi har vurdert innspela til planen og gjort naudsynte utgreiingar som inngår som eigne vedlegg. Konklusjonane er tekne inn i denne planomtalen. Innspela og saka sin karakter har ikkje gjort det naudsynt med møte med «særlege grupper» eller andre partar/interessentar.

Plankonsulent fekk ved E-post 25.05.2021 ei oppsummering av merknadene ved offentlig ettersyn frå kommunen v/ Erlend Sporstøl Vikestrand. I sendinga inngjekk alle merknadene. I e-posten heiter det (hovudpunkt):

*Eg har no fått teke ein gjennomgang på innspela som kom inn i samband med offentlig ettersyn av planforslaget til detaljreguleringsplan på Greivsneset (masseuttak). Volda kommune har følgjande ønskje til justeringar i plandokumenta etter følgjande innspel:*

- *NVE og Statsforvaltaren i Møre og Romsdal:*
  - *Skredfarerapporten må oppdaterast slik at den inneheld faresonekart for kartlagd skredfare som viser dagens situasjon.*
  - *Omssynssone H310 må oppdaterast i samsvar med dagens skredfaresituasjon*
  - *NVE ønskjer ei klargjering av tryggleikssoner knytt til kvilebrakker. Skal slike brakker etablerast i planområdet, må dette kome fram i plandokumenta og plasseringa må ha ei tilstrekkeleg tryggleiksklasse.*
- *Statens Vegvesen:*
  - *STV skriv at det etter dialog med tiltakshavar syner seg at avstanden frå brotet til tunellen (E39) er mindre enn plandokumenta legg opp til, og at dette bør korrigerast i planen. Vi ønskjer at de drøftar dette med tiltakshavar og eventuelt gjer endringar dersom dette er tenleg.*
  - *Forholda som STV syner til knytt til sprenging må innarbeidast som juridiske retningslinjer i føresegnene.*
  - *Ferdsle i området: Dette temaet meiner STV må utgreiast nærmare. Det er også kome innspel frå interesseorganisasjonar for sykling (sjå vedlegg). Vi er samde i innspelet frå STV om at dette temaet må utgreiast nærmare i planomtalen.*

Vi har, som plankonsulent, gått gjennom ønskje og konklusjonen med kommune. Vi har hatt drøftingar/avklaringar med tiltakshavar og Statens vegvesen. Når det gjeld NVE, så har vi vidaresemdt saka til geologisk konsulent (AsplanViak AS) som har gjennomført oppdatering som etterspurt og nye forhold er teke med i planframlegget. Generelt sett er ovannemnde «ønskje» frå kommunen kome i møte og avklara med kommunen sin sakshandsamar.

Som følgje av dette er både plankart, føresegner, planomtale og geologiske rapportar revidert. Ny skredfaresituasjon (dagens situasjon) er vist på eige kart som følgjer rapportane samt at hensynssoner H310 er retta i h.h.t rev. rapportar. Forholda kring kvilebrakker er også avklara/presisert i planomtalen. Det er også sett nærmare på vilkåra for ferdsel i området. Med bakgrunn i utførte endringar har vi ikkje sett det nødvendig med ytterlegare medverknad.

## 5. Planstatus og rammevilkår

### 5.1 Overordna plan

Fylkeskommunale planar: Ingen aktuelle som vi kjenner til.

Kommunale planar:

I framlegg til kommuneplan sin arealdel er planområdet vist som område for Råstoffutvinning (uttak av naturstein og byggeråstoff):



*Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel*

Det er som del av kommuneplanframlegget utarbeidd ei konsekvensutgreiing slik:

Område nr. KU BRU9 - Grevsneset			
Eigedom:	31/1	Forslagsstilar:	K.A. Aurstad
Formål i dagens kommuneplan:	LNF	Skildring av tiltak:	Uttak av naturstein og byggeråstoff. Ca 720 000 m3 over 12-15 år.
Gjeldande reguleringsplan:			
Foreslått formål:	Råstoffutvinning		
Areal:	Ca. 70 daa.		

Kartutsnitt  
t.v. gjeldande plan  
t.h. innspel



Tema	Vurdering	Konse- kvens
<b>Miljø</b>		
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller nær området. Krav til utslipp vert ivareteke i RP	Yellow
Landbruk og jordressursar	Ingen landbruksmessig verdi. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Naturmangfald og naturmiljø	Tiltaket grensar i sør mot viktig naturtype. Det er registrert ein art av særleg stor forvaltningsinteresse nær tiltaket. Desse verdiane må takast omsyn til . Middels negativ konsekvens.	Yellow
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert at området har verdi for kulturminne eller kulturmiljø. Nedbygging vil ha ubetydeleg konsekvens.	Green
Landskap	Området har ikkje særlege landskapsmessige kvalitetar. Nedbygging vil i ubetydeleg konsekvens.	Green
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	Det er ikkje registrert at området har verdi som nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Energiforbruk og energiløysingar	Ingen spesielle utfordringar.	Green
Klima	Ingen spesielle utfordringar eller konsekvensar.	Green
Vassmiljø og verna vassdrag	Ikkje relevant. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Strandsone langs sjø og vassdrag	Strandsone er bratt, lite tilgjengeleg, prega av inngrep og slik sett liten verdi. Ubetydeleg konsekvens.	Green
<b>Samfunn</b>		
Transport og trafikk	Kan truleg nytte tilkomst frå eksisterande vegnett.	Green
Teknisk infrastruktur	Ingen spesielle utfordringar.	Green
Befolkningsutvikling og tenestebehov	Ikkje relevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Området ligg i aktsemdsone for skred og nær art av nasjonal interesse.	Red
Folkehelse	Ikkje relevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Estetikk og arkitektur	Ikkje relevant for formålet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Barn og unge	Det er ikkje registrert at område har verdi som barn og unge sin aktivitet. Ubetydeleg konsekvens.	Green
Forholdet til strategiar om arealbruk	Ein har ikkje arealstrategi for råstoffutvinning eller mål om dette i samfunnsdelen.	Green

## 5.2 Gjeldande reguleringsplanar

Planområdet er ikkje tidlegare regulert.

## 5.3 Tilgrensande planar

Der er ingen tilgrensande planar i området.

## 5.4 Temaplanar

Ingen som vi eller tiltakshavar kjenner til.

## 5.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

### RPR for samordna areal- og transportplanlegging

I tilknytning til massetak vil det generelt vere vanskeleg å innfri RPR for samordna areal- og transportplanlegging. I dette tilfelle ligg massetaket nær tunnellini-slaget på Grevsneset som fører til E39. Transport til/frå området vil såleis skje på overordna veg.

### RPR for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga

Konkret er det spesielt pkt. 5 som går på krav til fysisk utforming som vil være aktuell i denne plansaka:

*Følgjande skal visast spesiell merksemd:*

- a) *Areal og anlegg som skal brukast av born og unge skal være sikra mot forureining, støy og trafikkfare.*
- b) *I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. Det føreset blant anna at areala:*
  - *Er store nok og eignar seg for leik og opphald*
  - *Gir moglegheit for ulike typar leik på ulike årstider*
  - *Kan brukast av ulike aldersgrupper, og gir høve for samhandling mellom born, unge og vaksne*

Det aktuelle området er ikkje eit område som born og unge nyttar eller er føresett å kunne nytte – dette grunna rasfaren i området.

## 6. Skildring av planområdet, eksisterande forhold

### 6.1 Plassering, avgrensing og storleik på planområdet



Planområdet ligg i Volda kommune, nærare bestemt på Grevsneset sør om tunnellini-slaget på vegen mot E39/Rotsethorntunellen. Avstanden mellom Sjukehuskrysset i Volda sentrum og Grevsneset er ca. 3,5 km. Planområdet er avgrensa om lag i h.h.t. kommuneplanen, men utvida nord/vestover i samsvar med «utvida varsling». Planområdet er ca. 110 daa.

Planområde

## 6.2 Dagens arealbruk og til støytande arealbruk

Området er eit «gammalt massetak» og grunnlaget for vidare drift er godkjenning av ein reguleringsplan som omfattar det arealet/dei massane som er tenkt å takast ut. Tilgrensande område i nord på Grevsneset består av bustadeigedomar (vest om tunnelinnslaget) og små gardsbruk. Sør om planområdet er der ingen aktivitet før vi kjem sør til Løvikneset.

## 6.3 Området sin karakter

Planområdet sin karakter fram står som eit uferdig uttaksområde både langs fjellsidene og i botnen på uttaksområdet. I dag er det lagra noko masse på det flate arealet.



## 6.4 Landskap

Arealet er vestvendt. Arealet har godt klima og ligg nær eit område med edellauskog. Når det plane området er ferdig stilt vil bruksføremålet jordbruk vere godt eigna. Soltilhøva er gode. Klima messig ligg området langs ein lengre fjord og vert påverka av dei vindtilhøva som går inn fjorden.

## 6.5 Kulturminne og kulturmiljø

### Kulturminne

Ingen kjende fornminne i området. Møre og Romsdal fylkeskommune har ikkje varsla krav om arkeologisk registrering i denne saka.

### Kulturmiljø

Ingen kjende forhold.

### **6.6 Naturverdiar**

Planområdet ligg dels innanfor 100-metersbeltet langs sjø (strandsonevernet). Men det aktuelle arealet er i stor grad areal der fjellmassar er tekne ut tidlegare. I sør ligg planområdet nær eit verneområde for edellauvskog. Det er registrert yngleområde for oter mellom sjøen og «gamlevegen»/platået for masseuttak. Elles ingen kjende forhold.

### **6.7 Rekreasjonsverdi, rekreasjonsbruk, uteområde**

Så langt vi kan sjå har planområdet ingen rekreasjonsverdi grunn noverande rasfare. Arealet mellom vegplatået og sjøen består mykje av rausa stein og arealet har vanskeleg tilkomst ned til sjøen.

### **6.8 Landbruk**

Viser til bilder under pkt. 5.3. Så langt vi kan sjå har arealet i dag ingen verdi for landbruket. Med den tenkte etterbruken vil imidlertid arealet kunne nyttas på god måte til jordbruk.

### **6.9 Trafikkforhold**

Området er knytt til E39 via Rotsethorntunnelen frå Grevsneset. Den «gamle» riksvegen gjennom brotet vart stengt med bom i tilknytning til opninga av Rotsethorntunnelen. Dette går fram av vedtak om omklassifisering av 15.juni 2005. I brev frå Statens vegvesen til Volda kommune av 13.07.2005 heiter det:

*Vegdirektoratet har i brev av 15. juni 2005 gitt melding om vedtak om omklassifisering av riksveg 651 hp 01 parsell Greifsneset – Løvikneset. Vedtaket er gjeldande frå denne dato.*

*Den gamle veggrunnen vert disponert slik:*

*Ca. 2150 m av gamle riksveg 651 frå ny rundkjøring ved Greifsneset til den nye riksveg 651, som skjærer den gamle vegen ved Løvikneset, leggjast ned som offentlig veg og leggjast ut til bruk til privat veg. Staten beheld veggrunnen.*

*På grunn av rasfare skal vegen vere stengd for allmenn ferdsel med bom i kvar ende. Grunneigar er klar over rasfaren og all ferdsel på vegen skjer på eige ansvar. I tillegg til grunneigar av tilstøytande eiendom og Statens vegvesen har politi, brannvesen fått tildelt bomnøkkel. Tunellarmen mot Greifsneset med rundkjøringa vert ein del av riksveg 651.*

Vegen mellom Grevsneset og Løvikneset vart omgjort til privat veg av statens vegvesen i h.h.t. veglova §7 med vilkår som går fram av veglova §§ 53-56. Statens vegvesen er framleis grunneigar. Bommen for innkøyring til steintaket (sør for rundkøyringa på Grevsneset) er stengd med lås-system slik at Statens vegvesen og Aurstad AS har kvar si låse ordning. Kvar av dei fungerer slik at bommen kan låsast opp/opnast av begge partar uavhengig av kvarandre.

Når vegvesenet «privatiserer» vegen i medhald av veglova - , så følgjer det av lova at det berre er grunneigarar som er med i veglaget (som etter lova skal etablerast) som kan nytte vegen.

Mellom Grevsneset og så langt uttaksområdet strekkjer seg i planområde, er det berre eigar av gnr. 31 bnr. 1 som treng tilkomst innanfor uttaks- og driftsområdet som planen gjeld. Alle andre grunneigarar vil ha tilkomst frå Løvikneset.



### **6.10 Born sine interesser**

Planområdet har i dag ikkje areal tilrettelagt for born og unge. Strandsona er lite tilgjengeleg. Viser elles til noverande rasfare i området.

### **6.11 Sosial infrastruktur**

Ikkje relevant.

### **6.12 Universell tilgjengelegheit**

Området er i dag universelt tilgjengeleg, jf. flat veg gjennom området. MEN vegen er stengd med bom grunna rasfaren.

### **6.13 Teknisk infrastruktur**

Ingen kjende forhold innan planområdet.

### **6.14 Grunnforhold**

Berggrunnen i Berget i området består av ulike taper gneis. Gneisen er tydeleg lagdelt med fall mot NØ inn i skjering. Fallet til lagdelinga varierer mellom 30 – 50 grader.

### **6.15 Støyforhold**

Der er ikkje særskilde støykjelder i området i dag.

### **6.16 Luftforureining**

Planområdet er ikkje utsett for luftforureining i nemnande grad. Ingen spesielle ureiningskjelder.

### **6.17 Risiko- og sårbarheit (ROS)**

Det blir her vist til eigne vedlegg som omhandlar skredfare (vedlegga C4 og C5). Elles ingen kjende forhold. Som følgje av merknader ved offentleg ettersyn er vedlegga C4 og C5 oppdaterte. I tillegg er det utarbeidd eit faresonekart som viser dei ulike faregrensene, her gjeldande 1:100 og 1:1000 soner. Rev. dok. følgjer vedlagt.

### **6.18 Næring**

Det er ikkje næringsverksemd i planområdet.

### **6.19 Analysar/utgreiingar**

Som del av kommuneplanarbeidet er det utarbeidd konsekvensutgreiing for området. Det kjem ikkje fram særskilde forhold i den analysen anna enn at det vert (for planlagt bruk av området) kravd utgreiing av om området krev sikring mot skred, jf. vedlegga C4 og C5. Utviding av planområde (jf. 2 varsel) endrar ikkje på avdekka situasjon i kommuneplanen.

## **7 Skildring av planforslaget**

### **7.1 Planlagt arealbruk, omtale av mineralressursen, omtale av forbruk**

Målet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljplan som gjev løyve til uttak, knusing og lagring av fjellmassar. Vidare skal eit nytt anlegg for mottak og bearbeiding av returafalt og returbetong inngå.

Det er utført prøvetaking på øvre pall (posisjon P1) for kontroll av mekanisk stabilitet-/styrke. Tiltakshavar har teke prøva basert på ei generell representativ vurdering av lokaliteten. LABTEST (Laboratoriumtjenester for stein og pukkbproduksjon) har utført testen ved bruk av Los-Angeles-metoden for fastsetting av både micro-Deval koeffisient ( $M_{DE}$ ) og Los Angeles-verdi (LA). Prøven viser ein  $M_{DE}$ -verdi lik 12, kravet er <15 gjeldande for beste kvalitet, og ein LA-verdi på 19, kravet er <35 gjeldande for beste kvalitet. Konklusjonen til LABTEST – ut frå den aktuelle prøva – er at massane kan nyttast til bære- og forsterkningslag i alle vegar. Massane er ikkje testa for bruk som asfalttilslag. Vi viser elles til Driftsplanen der løpande kontrollar av både micro-Deval koeffisient ( $M_{DE}$ ) og Los Angeles-verdi (LA) vil bli gjentatt løpande i driftsfasen. Vi viser til vedlegg D. I tillegg til bruk i vegbygging vil massane kunne nyttast i landbruksføremål, bustadføremål og i tilknytning til industriområde med unnatak av som tilslag til asfalt- og betongprodukt.

Masseuttaket «Grevsneset» vil dekke Aurstad sitt behov for masser i området Volda og Ørsta i uttaksperioden. Det er noko usikkert kor store mengder som vil nyttast årleg, men det er i driftsplanen lagt til grunn eit forbruk på 50.000 – 100.000 m<sup>3</sup> årleg. Dette betyr ein driftsperiode på 8-15 år.

## 7.2 Reguleringsføremål

Areala er delt i følgjande område.

Område	Storleik, daa	Arealbruk/ Sosi-kode	Omtale
Steinbrot og massetak, BSM 1-6	60,8	1201	Område for uttak, knusing og lagring av steinmasser
Annan type bebyggelse og anlegg: returbetong BAB 1	0,9	1519	Område for etablering av mottak og knusing og lagring av returbetong
Annan type bebyggelse og anlegg: returasfalt BAB 2	1,1	1519	Område for etablering av mottak og knusing og lagring av returasfalt
Annan type bebyggelse og anlegg: lager sprengingsutstyr BAB 3	1,0	1519	Område for etablering av lager for diverse sprengingsutstyr
Køyreveg	3,8	2011	Transportveg innan uttaks- og driftsområdet, eksisterande veg sør/aust over mot Løvikneset

Naturområde, GN1	2,7	3020	Buffersone mot edellauvskog
Naturområde, GN2	3,8	3020	Edellauvskog
Skogbruk	36,5	5112	Areal ovanfor uttaksområdet og særlege skogsområde
Fareområde, skred	86,2	H310	Generelt fareområde som ikkje vert sikra.
Infrastruktursone, rekkjefølgjekrav	8,0	H430	Rekkjefølgjekrav om sikringsvoll, jf. skredfareområde
<b>Sum areal, plan</b>	<b>110,6</b>		

### 7.3 Gjennomgang av aktuelle reguleringsføremål og beskriving av løysingane Bygningar og anlegg (PBL § 12-5, nr.1)


#### Steinbrot og massetak (BSM)

BSM omfattar området for uttak av lause masser (steinur – område BSM1), steinbrotet (område BSM2), produksjonsområdet BSM3, lagringsområdet ferdigprodukt BSM4, sikringsone/reinsk og tilkomstområda BSM5 og BSM6. Areala er samla ca. 60,8 daa.

Området BSM1, som består av ei ur, har massar av god kvalitet og massane er tenkt teke ut i inntil 8 m's djupne. Dette slik at det vert teke ut massar i h.h.t. geologisk rapport og med slik halling at massane er stabile. Hallingsvinkel vert vurdert under drifta opp mot steinen sin storleik og form, jf. «Driftsplanen» kap. 5. Jf. også geologisk vurdering rapport vedlegg C4. Masseuttaket omfattar ca. 25-35.000 m<sup>3</sup> (usikker djupne på ura, stipulert snittdjupne 6-8m, men uttaket tilpassast faktisk situasjon).

Masseuttak innan område BSM2 (steinbrotet) er avgrensa med uttak i pallar og med fastsette høgder på dei ulike pallenivåa. Det er gjort nærmare greie for det planlagde uttaket i «Driftsplanen» vedlegg D, sjå også vedlegg D7 kap. 4.1 og geologisk vurdering rapport vedlegg C5. På plankartet er dei fastsette pallenivåa i driftsplanen vist. Linjene er vist som «regulerte høgder» og med avgrensing på dei ulike uttaksområda. Masseuttaket omfattar ca. 720.000 m<sup>3</sup>.

Det går fram av driftsplanen kap. 5 at *«palledjupne vil bli vurdert for kvar pallenivå, og fagleg vurdering av berget gjort før vidare drift. Det vi ved behov bli sett av pallar i sidene av brotet, om dette vert vurdert som naudsynt. Reinsking og ev. bolting på kvar enkelt pall vil bli utført før neste pall blir starta»*. Fanggerde er vist på pall kote 112.



Nødvendig undersprenging kjem i tillegg til vist høgd på dei ulike pallenivåa. Viste pallenivå er føreset å kunne justerast som følgje av opptreande fjellkvalitetar og sprekkdanningar. Sikringstiltak som ev. kan bli påverka av slik justering tilpassast. I overgangssona mellom uttak av masser i BSM1 og BSM2 tilpassast høgdene.

Tiltakshavar har utarbeidd profil som viser den «teoretiske» palleprofilen mot Rotsethorn-tunellen på «kritisk punkt». Snittet viser at avstanden mellom palleskjeringa og tunellen er opptil ca. 50 meter. Tiltakshavar, som har god kompetanse på fagområdet, vurderer dei fastsette pallenivåa (jf. også ovanfor) slik at det må påreknast justeringar som følgje av sprekkdanningar og fjellkvalitetar. Statens vegvesen sitt ønskje om meir presis avstand i føresegnene § 4.1 b vert kome i møte, men det ligg att eit moglege avvik som følgje av ev. nemnde moglege optreande sprekkdanningar og dårlege fjellmassar. Føresegnene er endra i samsvar med dette og slik at minimumsavstanden mellom masseuttaket og vegg i Rosethorntunellen på E39 er justert og sett til 40 meter, og til tunnelheng minimum 40 meter. Driftsplanen vil bygge på reguleringsplanen sine viste pallenivå og det vert då berre gjort nødvendige avvik på grunnlag av sprekker og fjellkvalitet – slik at naudsynt tryggleik sikrast gjennom heile driftsperioden. Nivå for maksimal risting (vibrasjonar) målt i tunnelen ved drift (sprenging) i masseuttaket skal ikkje vere større enn 20 mm/s - som tidlegare fastsett. Innan området BSM3 kan masser knusast, sorterast, transporterast og lagrast. Dette gjeld både steinmassar, jordmassar og overskotsmassar. Innan område BSM4 kan lagrast ferdige produkt/steinfraksjonar. Enkle mindre lagerbygg med lite personopphald kan byggast for lagring av massefraksjonar, jf. tillatne byggverk i TEK17 §7.3 sikkerheitsklasse S1. Områda BSM5 og BSM6 kan nyttast til tilkomst og sikring under drifta. Innan areala kan det gjerast naudsynte tiltak for dette. Drift skal skje i h.h.t. driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Ved vesentlege endringar/avvik som vist til i 1. avsnitt over, skal driftsplanen reviderast. Det må utførast målingar i Rotsethorn-tunnelen ved sprenging for å følgje opp føresegnene § 4.1 b. Statens vegvesen skal ha tilsendt alle resultat frå vibrasjonsmålingar. Plassering av måleutstyr skal godkjennast av Statens vegvesen i samsvar med veglova, og sjølve gjennomføringa vil krevje godkjenning av arbeidsvarsling. Viser elles til vilkår fastsett i gjeldande driftsplan. Det visast og til forureiningsforskrifta kap. 30.

#### Anlegg for mottak, mellomlagring og knusing av returbetong og returafalt (BAB1 og BAB2)

Fylkesmannen ga ved vedtak av 30.04.2018 slikt løyve:

*«Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returafalt og returbetong på Greifsneset i Volda. Løyvet kan takast i bruk så snart tiltaket er i samsvar med plan etter plan- og bygningslova eller kommunen har gitt dispensasjon. Mottak av returafalt skal meldast til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning.»*

Innan det viste arealet BAB 1 kan mottak, mellomlagring og knusing av returbetong gjennomførast. Innan det viste arealet BAB 2 kan mottak, mellomlagring og knusing av returbetong gjennomførast. Planframlegget viser elles ei lokalisering av område for lagring av returafalt og -betong på slik måte at eventuell avrenning blir minimal, og at områda ikkje er utsett for moglege skred som kan føre desse fraksjonane ut i fjorden.

Innan BAB-områda kan byggast lagerbygg med lite personopphald, jf. tillatne byggverk i TEK17 §7.3 i sikkerheitsklasse S1. Maks bebygd areal er BYA=30%.

#### Rasvoll/-sikring

I samsvar med rasrapportane, jf. vedlegga C4 og C5, er det teke med areal for etablering av rassikring. På plankartet er dette vist med infrastruktursone rekkjefølgjekrav. Vollane byggast som følgje av detaljprosjektering og tilpassast innan vist byggegrense.

Vollane si høgde og avstand mellom voll og fjellvegg/skjerjing går fram av rasrapportane. Høgda på vollane er min. 4 meter og det er sett avstandskrav mellom vollane og skjeringsfot (nedfallsone). Vollen i område BSM1 vil ha god avstand frå fjellvegg. Avstanden mellom rasvoll og fjellskjerjing i område BSM3 har areal for nedfallssone i breidd min 7 meter.

### Rasfare

Generelt er det i revidert planframlegg teke inn dagens skredsituasjon vist ved fareområde skred (hensynssone H310). Grensa mellom faresonene 1:100 og 1:1000 er vist med strek og markert med tekst, jf. elles vedlagt faresonekart som følgjer ras-rapportane.

Areal ovanfor føresette sikringsvollar er utsett for rasfare i h.h.t. dei geologiske rapportane utarbeidd av AsplanViak AS (vedlegga C4 og C5). Føresett voll innan området BSM1 (vedlegg C4) sikrar tryggleik i h.h.t. sikkerheitsklasse S1 etter TEK17 knytt til uttak av masser oppstrøms vollen – som planen legg opp til. Vollen skal sikre nedanforliggende bebyggelse og off. vegar også etter at masseuttaket er gjennomført.

Føresett voll innan området BSM3 (jf. vedlegg C5) sikrar tryggleik i h.h.t. sikkerheitsklasse S1 etter TEK17 og skal sikre alle driftsareala. Denne vollen fjernast etter at drifta er avslutta, jf. etterbruken av arealet.

Etablering av voll i område BSM3 er føresett med bruk av eigna knuste massar/ferdigmassar.

Vollane skal detaljprosjekterast og type massar som kan nyttast avklarast, jf. nødvendig energimotstand. Vollane byggast ut i takt med uttak av masser og etablering av funksjonar innan BAB-areala. Viser her også til driftsplanen.

### Kvilebrakker

Det er i merknader bede om ei avklaring av om det kan/er tenkt etablert kvilebrakker og andre bygg innan området for masseuttak. Som det går fram av rassrapportane er farenivået allereie i dag delt i to (2) område; Faresone årleg sannsynlegheit større eller lik 1:100, Faresone årleg sannsynlegheit større eller lik 1:1000. Grensa for skilje mellom fareklassene vert endra som følgje av bygginga av vollane. Uttaks- og driftsområdet vil etter det vere innan rasfare (S1) 1/100 – 1/1000.

I eigen E-post frå Asplan Viak AS av 14.juni 2021 går det fram at geologisk konsulent vurderer at «Kvilebrakkene tilhøyrer trykkleiksklasse S1, då det ikkje er permanent opphald i desse.

I dag har tiltakshavar plassert kvilebrakkene utanfor «reguleringsområdet» ved rundkøyringa på Grevsneset. Dert er gjort ei vurdering av om den lokaliseringa er trygg i siste geologiske rapportar. Konklusjonen er at med ei mindre flytting av brakkene vil dei stå trygt der (innan S1-faresone).


Slik faresituasjonen er vurdert i dei geologiske rapportane vil det ikkje vere noko til hinder for at det på deler av reguleringsområdet, som ligg i S1-sone, kan etablerast også kvilebrakker.

Tiltakshavar legg likevel til grunn å nytte noverande lokalitet med den flyttinga som trengst der i høve dei rev. geologiske rapportane. Det er såleis ikkje teke spesielt inn i føresegnene at det kan etablerast kvilebrakker innan planframlegget sine grenser.

### Overvatn ned mot produksjons- og lagerarealet


Vi har gjort overslagsberekningar over vassmengda som kan kome frå fjellsida rekna som nedbør i 200 års intervallet. Dette basert på nedbørsavrenning henta frå nevina.nve.no for vassdraget gjennom området. Legg vi avrenninga for 200 års gjenntak for nedslagsfeltet for denne bekken, utvida det til heile arealet overfor foten til massetaket, reknar klimafaktor 1,4 og ein arealfaktor (usikkerheit) på ca. 1,2 til grunn i tillegg (korrigert for arealet som har fall mot

planområdet sin fot) vil nedbøren i 200 års perspektivet kunne ligge på opptil ca. 2,6 m<sup>3</sup>/sek. Vatnet fangast opp av overvasskanal som leggest mellom fjellskjeringa og rasvollen og overvatnet førast til resipient (her sjøen). Skissert løysing er ei vidareføring av overvatnet i 4 utløp til resipient/sjø. I driftsperioden vert bekkeløpet søkt flytta ettersom uttaket av fast fjell vert gjennomført i h.h.t. palleplanen. Nedfallsområdet mellom fot fjellskjering og voll nyttast også til bekk/kanal for samling av overvatnet. Som skissert vil vassmengda på dei ulike punkta for vidare føring variere mellom 1m<sup>3</sup>/sek til ca. 0,5 m<sup>3</sup>/sek. I etterbruken oppretthaldast nedfallsområdet og då slik at dette arealet også vert bekk-/kanalareal for oppsamling/vidareføring av overvatn. Det visast til teikning 2319-200 og -300 som illustrerer tenkt løysing.



Overvasskanalen mellom skjeringa sin fot og sikringsvollen må då gjevast ei breidd, form og fall slik at føresett vassmengd handterast. I tillegg må tilkomst med naudsynt maskinreiskap kome til for reinsking av masser som måtte falle ned mellom skjeringsfot og voll. I planframlegget er dette søkt i vareteke ved plasseringa av vist område med rekkjefølgjekrav, H310.

Nedfallsområde si breidd er i rasrapporten for området (vedlegg C5) skissert som min. 7 meter, jf. rapporten side 33 som viser til ei breidd på 7-10 meter. Høgda på vollen er føresett +4 meter.



Drenering av jordbruksarealet er ikkje vurdert, men det vil vere tenleg å oppretthalde kanal med oppsamling av overvatt langs fjellskjeringa på same vis også i den vidare bruken av arealet til jordbruksføremål.

Drenering av sjølv jordbruksarealet vil følgje vanlege prinsipp for drenering av jordbruksareal, jf. Norsk landbruksrådgiving/NIBIO sin rettleiar «jordmassar – frå problem til ressurs».

#### Samferdselsanlegg, køyreveg (SKV):

Det er vist ein gjennomgåande veg som ikkje skal vere offentleg tilgjengeleg, men fungere som tilkomst-/driftsveg både innan massetaket og til tilgrensande eigedomar i retning Løvikneset.

#### Grønstruktur (GN):

Innan planen har vi to naturområde, GN1 og GN2. Område GN1 er ei buffersone som skal sikre område BSM1 – BSM6.. Som det går fram av planen er der i tillegg eit skogsområde mellom området for masseuttak (lager-/produksjonsområde) og buffersona. Avstanden mellom området BSM3 og GN2 er minst ca. 60 meter. Sjølv buffersona er gitt breidd 30 meter i h.h.t råd frå fylkesmannen.

#### Skogbruk:

LSK-området ovanfor massetaket er teke med som skogbruksområde. Det vert lagt til grunn at skogressursane skal kunne nyttast sjølv om terrenget er bratt. Korleis areala då skal kunne driftast er ikkje vurdert, men det vil truleg vere trong om nedtak av tømmer ved hjelp av mellombels taubane. Det skal likevel ikkje gjennomførast vesentlege tiltak innan området i



uttaks- og driftsperioden for massetaket utan at dette er nærmare avklara i høve tryggleiksforhold.

#### Jordbruk:

Framlegg til reguleringsplan viser i hovudsak kva omfang og tiltak som skal vere tillate for uttak av lause og faste masser i området. I føresegnene er det teke med krav til etterbruk av areal. Dersom det seinare er ønskjeleg å regulere areal til jordbruksføremål, så må det gjerast gjennom eigen reguleringsplan. Vi viser til føresegnene § 4 pkt. 4.2.1

### **7.4 Tilknytning til infrastruktur**

For drift av anlegget er området knytt til infrastruktur som EI- og vassforsyning (nærliggande privat vassverk). Avlaupsanlegg er ikkje naudsynt å knyte seg til. Arbeidsbrakke vert etablert utanfor planområdet på sikker grunn.

### **7.5 Trafikkløysing**

#### **7.5.1 Køyretilkomst**

Massetaket er knytt til E39 via tunell frå Grevsneset. Vi viser til pkt. 6.9 der vilkåra for gjeldande bruk av «gamlevegen» frå Grevsneset til Løvikneset er nærmare omtala. Vi har drøfta saka med vegvesenet og det ligg ikkje føre grunnlag for å kunne endre vegen sin status kva gjeld klassifisering og bruksvilkår. Vi har også drøfta saka med geologisk konsulent, Asplan Viak AS, som viser til at tryggleikssituasjonen må, om bruken av vegen skal endrast, vurderast for heile strekninga som det skal køyrast på opp mot krava i handbok N200. Vi viser elles til at rasfaren var ein av grunnane til val av tunnel vart bygd.

Noverande bruk av vegen gjennom reguleringsområdet (og til Løvikneset) skjer i samsvar med vedtaket i 2005, og slik må det framleis vere. I vedtaket går det fram at grunneigar av tilstøytande eigedom, Statens vegvesen, politi og brannvesen har rett til bruk på fastsette vilkår i vedtaket. Reint praktisk vil vi elles vise til at brukarar må varsle drivar av massetaket før trafikkale tiltak vert gjennomført. Dette slik at farefullt arbeid kan stansast (jf. t.d. sprenging) i trafikal situasjon. Generelt bør transport i området frå «utanforståande» skje utanfor driftstida av massetaket. Dette vil sjølv sagt ikkje gjelde naudetatar som vist til over. Vi viser elles til notat kring m.a. dette temaet oversendt kommunen tidlegare. Så langt vi kjenner til låg notatet også ved som dok. ved off. ettersyn.

#### **7.5.2 Utforming av vegar**

Vegen gjennom planområdet er gitt standard som lokalveg, jf. statens vegvesen si handbok N100 med bakgrunn i dei behov som drifta av anlegget vil trenge/vere tent med.

#### **7.5.3 Tilgjengelegheit for gåande/syklende**

Det er ikkje lagt til grunn at gåande/syklende skal trafikkere området. Vi viser til pkt. 6.9 og 7.5.1 over.

#### **7.5.4 Felles tilkomstvegar, eigdomsforhold**

Vegane gjennom området er privat/felles veg. Det er statens vegvesen som er grunneigar og det vert lagt til grunn at naudsynte vegrettar vert etablerte mellom partane.

## 7.6 Planlagde offentlege anlegg

Det er i planframlegget ikkje planlagt noko offentlege anlegg.

## 7.7 Miljøoppfølging

Tiltaka i planframlegget medfører ikkje inngrep i eller konsekvensar for viktige deler av naturmiljøet. Tiltaket medfører heller ikkje særskild ureining. Det er difor ikkje lagt til grunn at særskilde miljøtiltak skal gjennomførast som følgje av inngrep planen fører med seg. Det vert lagt til grunn at forureiningslova med tilhøyrande forskrift vert lagt til grunn for all produksjon innan planområdet.

## 7.8 Universell utforming

Tiltaket omfattar ikkje forhold som vedkjem universell utforming.

## 7.9 Landbruksfagleg vurdering

Den framtidige bruken av arealet og slik opparbeiding er vist til i føresegnene, er dette avklara med lokalt landbruksmynde.

## 7.10 Kollektivtilbod

Ikkje relevant.

## 7.11 Kulturmiljø/kulturminne

Det er ikkje kjende kulturminne i området. I føresegnene er det take inn bestemming om at:

*«Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansast og kulturminneforvaltninga varslast umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshavar og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.»*

## 7.12 Sosial infrastruktur

Ikkje relevant.

## 7.13 Plan for vatn/avlau, tilknytning off. nett

Der er ikkje off. VA-nett i området. Det er ført vassleidning frå vassverket på Grevsneset og fram til område for massetak. Innan område for massetak er der ikkje behov for anna leidningsnett. Mannskapsbrakke er plassert i området sør om rundkøyringa på Grevsneset etter avtale med grunneigar.

Det vert lagt til grunn at vassleidninga har kapasitet til gjennomføring av støvdempande tiltak slik det går fram av Forureiningslova kap. 30. Dette er prøvd i praksis av tiltakshavar og fungerer.

## 7.14 Plan for avfallshenting/sjøppelsug

Alt avfall frå steinbrotet, massetak, knusing/lagring av fjellmassar, knusing/lagring av returafalt og returbetong vert levert til reinhaldsverk av drivar av anlegget.

## 7.15 Avbøtande tiltak / løysingar ROS

### Skredfare

Som del av planarbeidet er det utarbeidd ein skredrapport, jf. vedlegga C4 og C5.

I konklusjonen til rapporten vedlegg C4 heiter det:

«8. KONKLUSJON

*Vi vurderer at steinsprang er dimensjonerande skredtype i det aktuelle området. Delar av området nedanfor ura der masseuttaket skal føregå, tilfredsstillar ikkje lovverket sitt krav til tryggleik mot skred for nybygg/påbygg i tryggleiksklassene S1 og S2, der årleg nominelt sannsyn for skred ikkje må overskride høvesvis 1/100 og 1/1000.*

*Lausmasseuttaket vil påverke terrengutforminga og dermed også skredsannsynet. Eit uttak skal ikkje auke skredfara for tredjepart, og det er difor sett på konsekvensane for masseuttak på skredfara ved eksisterande busetnad.*

*Det er naudsynt med etablering av ein sikringsvoll i nedkant av eksisterande urmassar, i tillegg til reduksjon av hellingane til urmassane. Formålet med vollen er å fange opp eventuelle steinsprang med retning mot busetnad og veg på Greifsnaset. Det vert føresett at området ved ura beheld ruheita si etter uttak, slik at ura framleis fungerer som ei buffersoner for nedfall og ikkje som eit «springbrett» utover frå fjellsida. Sikringsvollen vi ikkje ha tilstrekkeleg høgde dersom buffersona vert fjerna i urområdet.*

*Informasjon om sikringstiltaket er gitt i kapittel 6. Graving skal ikkje utførast i foten av eksisterande urmassar, då dette kan føre til overbratte skrånningar som kan gli ut. Råd angåande uttak av urmassar, og generell informasjon om steinur, er gjeve i kapittel 7.*

*Ved etablering av sikringsvoll, reduksjon av urhelling og forsiktig uttak av urmassar ovanfrå, vurderer vi at uttaket av urmassar vil ha ei positiv innverknad på skredfara ved eksisterande busetnad.*

*M.a. i pkt. 6.2 Dimensjonering av skredvoll og i pkt. 6.3 etablering av skredvoll er det gitt råd knytt til sikringstiltaka slik:*

«6.2. Dimensjonering av skredvoll

*I innleiande vurdering av plassering og høgde av skredvollen, er det teke utgangspunkt i krav for fanggrøfter for bergskjeringar langs veg der bergskjeringane ikkje sikrast på anna vis. Utgangspunktet vart funne passende fordi det ikkje er venta steinblokker frå terrenget over bergskrenten som er lokalisert like bak omtala skredur, berre nedfall frå sjølve skrenten.*

*Statens vegvesen si handbok N200 Vegbygging [19] tek føre seg minimumsbreidda av ei fanggrøft avhengig av skjeringshøgder og skjeringshelling for skjeringar opp til 30 m. For nær vertikale skjeringar, dvs. skjeringar med hellingsvinkel på 84 grader eller brattare, og (maksimal oppgitt) høgde på 30 meter, er det satt krav om 5,3 m breidde på fanggrøfta. I føregåande utgåve av handboka (2014), er ei breidde på 6 m presentert som naudsynt for bergskjeringar med høgde over 30 m. Fordi bergskrenten si høgde overskrid 30 m, skal vollen plasserast minst 6 meter frå bergskrenten.*

*Det er generelt alltid lurast å plassere ein skredvoll lengst mogleg frå fjellsida slik at blokker naturleg misser spretthøgde og energi. Ei plassering av steinsprangsvollen i høve korleis blokker bevegar seg nedover fjellsida er viktig. Ein voll får vanskeleg effektiv høgde i bratt terreng, dvs. at det er vanskeleg å få vollen høg nok til å fange opp nedfalla der terrenget er bratt. I områder der terrenghellinga er svak, kan ein voll byggast. Det er ikkje tilrådeleg å fundamentere skredvollen på urmassar. Ei plassering på nedsida av urfoten vil medføre at anbefalingane knytt til minimumsbreidde for fanggrøfter frå N200 er tilfredsstillt med god margin [19].*

*Resultata frå simuleringar i Rocfall er nytta for å vurdere storleik på vollen i høve forventata utløpslengde og retning på steinsprang, spretthøgde på steinsprangblokker og energi i blokker når dei treff vollen. Eventuelle steinsprangblokker vil også ha eit bremseområde i vollmaterialet som tappar blokker for energi og reduserer spretthøgde.*

*Simuleringar syner at ein skredvoll med høgde på 4 meter stoppar dei simulerte steinsprangblokkene. Ein skredvoll byggast opp med ei støt- og ei leside. Breidda for toppen til vollen skal vere minst 1 m. I Statens vegvesen sin vegleiande rapport «Sikring av vegar mot steinskred» vert det anbefalt at støtsida på skredvollar vert bygd med ein brattheit på 3:1, eller så bratt som mogleg.*

*Hellinga på vollen til skal ikkje overskride anbefalingar gitt i V221 (sjå Figur 40) [20].*


*Figur 40: Utsnitt frå V221 som syner største helling for fyllingar.*

### 6.3. Etablering av skredvoll

Under anleggsfasen og også i samband med vedlikehald av vollen vil ein anleggsveg vere naudsynt. Ved etablering av anleggsvegen, er det viktig at ein ikkje fjernar foten til urmassane på staden (meir om konsekvensen av dette for totalstabiliteten til ura i avsnitt 7.3).

Det må utførast ein SJA for arbeidet med etablering av skredvollen. I denne bør ein eksempelvis vurdere eventuell avsperring av veg ved tunnelportalen.

I supplerande skisse (vedlegg C6) viser geologen slik prinsipløysing for sikringsvollen:



I konklusjonen til rapporten vedlegg C5 heiter det:

#### «6. KONKLUSJON

Ut frå observasjonar under synfaring av moglege utløysings- og utløpsområder for ulike skredtypar, samt fagleg skjønn blir det vurdert at delar av planområdet ikkje tilfredsstillar lovverket sitt krav til tryggleik mot skred i bratt terreng for tryggleiksklasse S1, der årleg nominelt sannsyn for skred ikkje skal overskride 1/100. Det er steinsprang som er dimensjonerande skredtype i området.

Masseuttaket er vurdert til å vere eit tiltak i tryggleiksklasse S1 og eit eventuelt sikringstiltak må dimensjonerast etter dette. Når masseuttaket er ferdigstilt, og det skal tilbakeførast til jordbruksjord, vurderer vi det ikkje som naudsynt å ta omsyn til skred på grunn av at det ikkje skal vere jamleg midlertidig personopphald. Etter tilbakeføringa til jordbruksjord skal det berre vere midlertidig opphald for drift av jordbruk. Det vert difor vurdert at vollen kan fjernast etter at masseuttaket er ferdig og det jamlege midlertidige personopphaldet er avslutta og det ikkje er naudsynt å ta omsyn til skred.

Kjeldeområda for steinsprang er store og høge, og modellering viser at sannsynet for at nedfall treff planområdet er stort. Tiltak for skredsikring er difor naudsynt for at den midlertidige drifta ved masseuttaket kan utførast etter krav til tryggleik mot skred.

Det vil vere mogleg å sikre planområdet mot steinsprang med ein voll. Sikringstiltaket er dimensjonert nærare i kapittel 5, med ei høgde på 4 meter. Vi gjer merksam på at dette ikkje er ei detaljprosjektering av vollen.

Dersom vollen blir sett opp som anbefalt, vurderer vi at området tiltenkt regulering av masseuttaket vil tilfredsstillere lovverket sitt krav til tryggleik mot skred i tryggleiksklasse S1 på sjøsida av vollen.

Den inn teikna faresonene er basert på terrenget slik det er i dag. Vurderinga tek utgangspunkt i vurderingar for skredsannsyn, samt informasjon om planlagt driftsopplegg og eksponeringstid. Eksponeringstida er lågast nærast fjellet, ettersom området for knusing og sortering vil ligge på fjordsida av sikringsvollen. Det er ikkje tillate å sette kvilebrakke eller andre bygg for personopphald innanfor området.»

Kravet til sikring er konkretisert i pkt. 5.1.1.4 slik:

*5.1.1.4. Oppsummering dimensjonering av tiltak*

*Simuleringane viser at det må etablerast ein voll i området der det vert jamlege midlertidig opphald. For å sikre planområdet mot steinsprang med årleg sannsyn 1/100 må det byggast ein fangvoll med følgjande dimensjonar:*

- Høgde 4 meter.*
- I ein avstand om lag 7-10 meter frå bergskjering/skrent, tilpassa både geometri og naudsynt plass for maskinar for å koma bak.*
- Vollen må tåle ein treffenergi opp mot 2000 kJ.*

Tiltaket ovanfor er innarbeidd i planframlegget. Det er ein føresetnad at vollen si endelege plassering, dimensjon og oppbygging vert fastsett gjennom detaljprosjektering før bygging.

Støy:

Det er utarbeidd eigen støyrapport, jf. vedlegg C3. I samandraget der heiter det:

*I forbindelse med utarbeidelse av reguleringsplan er det utført en vurdering av støy fra masseuttak og bearbeidelse av returasfalt- og betong på Grevsneset i Volda kommune. Beregningene viser at normal aktivitet i de aller fleste tilfeller vil være innenfor aktuelle støygrenser på hverdager. Enkelte situasjoner når borerigg er uskjermet kan gi støynivå over krav ved omkringliggende boliger. Boring bør da kun skje på dagtid på hverdager. Med ugunstig plassering av knuseverk kan også støynivået komme over krav med impulslydskjerping. Mobilknuser bør derfor plasseres lengst inne i bruddet, eventuelt skjermes av deponihauger for å unngå friskt til omkringliggende boliger. Ved pigging bør denne aktiviteten plasseres mest mulig skjernet, slik at det også for denne kilden ikke er fri sikt til boliger.*

Det følgjer av vurderinga at det ikkje leggst inn særskilde krav i reguleringsplanen, men at dei krava som følgjer av Forureiningslova kap. 30 skal følgjast opp i driftsplanen og i den løpande drifta av anlegget.

Andre forhold

Så langt vi kan sjå av offentlege databasar er det ikkje andre forhold knytt til risiko eller sårbarheit som skulle tale i mot fremja arealbruk.

Det følgjer vedlagt ei generell ROS-vurdering, jf. skjema C3.

**7.16 Avbøtande tiltak/ løysingar Naturmangfaldlova**

§ 7 i Naturmangfaldlova omhandlar prinsipp for offentlig avgjerdstaking i §§ 8-12. Paragrafane omhandlar kunnskapsgrunnlaget, føre-var-prinsippet, den samla belastninga på økosystemet, kostnader ved miljøverknader som skal berast av tiltakshavar og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vedlagt følgjer sjekklister for naturmangfald, jf. vedlegg C. Sjekklister har ikkje avdekket konfliktpunkt, jf. også kommuneplanen sine dokument.

Oppsummering:

Sjekklister har ikkje avdekket noko konkret fare for naturmangfaldet innanfor planområdet. Planframlegget legg opp til å ikkje medføre skade eller forureining på viktige landskap,

økosystem, naturtypar og artar o.a. etter naturmangfaldlova. Tilhøveknytt til registrering av oter og naturtype rik edellauvskog må avklarast og omtalast i det vidare planarbeidet.

#### Kunnskap (§8):

Vi oppfattar kunnskapsgrunnlaget i nasjonale databasar som tilfredsstillande for vurderingar etter naturmangfaldlova.

#### Førevar prinsippet (§9):

Dei tiltaka som vert foreslått gjeld tiltakshavar gjennom regelverket vil ha kontroll med skjer i ordna former, jf. handtering av utslepp. Det vil bli lagt vekt på at forureining i området ikkje skjer.

#### Samla belastning (§10):

Planframlegget medfører ikkje vesentlege ulemper for naturmangfaldet.

#### Overvaking (§11):

Så langt vi kan sjå vil det ikkje vere naudsynt med overvaking av naturmiljøet enn det som allereie er etablert i dag.

#### Alternativ lokalisering (§12):

Det har ikkje kome fram opplysningar som tilsei at det innanfor planområdet i dag finst verdifulle eller trua artar. I høve naturmangfaldet er det såleis ikkje behov for alternative lokaliseringar.

Konklusjonen er at den samla belastninga på området ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfaldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

### 7.17 Rekkjefølgjebestemmingar

Det er i føresegnene innarbeidd følgjande bestemming:

«Sikringstiltak/fangvollar skal etablerast innan områda for infrastruktursone og i h.h.t. pkt. 4.1 bokstav g), jf. også pkt. 5.3 nedanfor og godkjent driftsplan. Arbeidet kan gjerast stegvis i samsvar med driftsplanen.

Før uttak av steinmassar innan områda BSM1 og BSM2 skal brukbare jordhaldige massar leggest opp i ranke for utlegging/re etablering innan desse områda etter avslutta massetak».

### 7.18 Kort omtale av planskisse, jf. teikning 2319-200

Planskisse, teikningane 2319-200, -201 og -202 viser korleis massetaket med tilhøyrande funksjonar er tenkt å føregå.

Uttak av masser i område A, som gjeld lause massar/steinur. Uttaket sikrast med vull som skal hindre at stein rasar ut og ned mot offentleg veg og bebyggelse. Masse takast ut i djupne inntil 10 meter frå eks. terreng, men avgrensast i hht geologisk rapport vedlegg C4.

Uttak av masse i område B gjeld fast fjell og takast ut i pallar etter vist høgdesetting. Mellom noverande skjeringfot og vidareført skjeringfot etablerast eit nedfalls-

/mottaksområde der stein både frå område A og område B førast ned. I hovudsak vil det skje verd raus av masser.

Før uttak av masser etablerast vollar for sikring av produksjons- og lagerområda. Dette gjeld også langs noverande skjeringsfot mot aust der det er føresettt etablert lager og produksjonsområde. Som skissert vil alle areal (utanom sjøve uttaksareala) vere sikra under drifta av anlegget.

Overvatn frå fjellsida samlast opp og førast til resipient/sjø ved etablering av kanal og kulvertrør.

Fylkesmannen har gitt løyve til mottak og etablering av anlegg for handsaming av returbetong og returasfalt. Det er vist eigne areal til dette. I tillegg er vist eit areal for lagring av sprengingsutstyr. Dette vil m.a. vere sikringsmateriale.

Det vert vidare lagt til grunn at det innan dei ulike produksjonsareala vert gjort tiltak i h.h.t. forureiningslova som sikra nærmiljøet mot ulemper.

### **7.19 Kort omtale av illustrasjonsplan, etterbruk, jf. teikning 2319-300**

På illustrasjonsplan 2319-300 er vist korleis etterbruken er tenkt for område. Areal er søkt nytta på ein god og berekraftig måte. Ved å utnytte uttekne planerte areal til jordbruksføremål, vil etterbruken sikrast ei berekraftig og samfunnsnyttig tilleggsbruk som ikkje var mogleg før masseuttaket i området.

#### Jordbruksareal:

Planerte areal frå foten av skjeringa til eksisterande veg er føresettt gitt etterbruk som jordbruksareal. Same gjeld areal mellom eks. veg og fyllingskanten ned mot sjøen. Som frådrag kjem areal i breidd 7 meter langs skjeringskanten. Her opprettheld vi overvasskanalen - som også vil ligge som eit nedfallsområde for steinsprang. Jordbruksarealet omfattar areal både på br.nr. 1 og 7. Samla nyetablert jordbruksareal er på 25,6 daa. Oppbygginga av jordbruksarealet følgjer Norsk landbruksrådgeving/NIBIO sin rettleiar «jordmassar – frå problem til ressurs».

#### Drenering:

Som nemnt i punkt. 6.18 ovanfor er det nødvendig å sikre avrenning av overvatn frå fjellsida på slik måte at sjøve dyrkingsarealet ikkje vert øydelagt. Det arealet som vert nytta til nedfallsområde i driftsperioden oppretthaldast i planen for tilrettelegging av jordbruksareal. I tillegg kjem drenering av sjøve jordbruksarealet.

#### «Jordbruksveg» (landbruksbilveg kl. 2):

Den vegen som går gjennom området og som er dels utvida under driftsperioden kan reduserast i h.h.t. vegklasse 2 . Dette gjev ein fullt ut tenleg veg for tilkomst og drift av dei tilgrensande landbrukseigedomane. Vegen har etter klasse 2 ei breidd på 4,5 meter. Vegen går i tidlegare vegtrase sitt område. Vi kan ikkje sjå at vegen har funksjon ut over landbruksdrift og vegen bør ikkje nyttast av ålmenta grunna rasfaren. I tillegg til breidde

4,5 meter er det sett av ei sone på 2 meter for ev. etablering av gjerde el. som del av ei grøft – om behov.

Areal ut over det som trengst for omtala vegklasse med sideareal vert føreslått å kunne nyttast til landbruksføremål.

#### Områda med masseuttak:

##### Område A:


Dette gjeld eit område der det i dag er ur med ei «naturleg blanding av steinfraksjonar». Deler av området er vokse til med skog. Etter uttak av masser skal arealet setjast i stand i h.h.t. godkjent driftsplan. På enkeltområde er der no eigna vekstjord og torv som let seg samle for tilbakeføring. Deler av området kan såleis tilbakeførast for re-etablering av naturleg vegetasjon ved avslutta uttak. Vi ser det som lite aktuelt å plante skog i dette området, men finn det mest tenleg med ei naturleg re-etablering av lokal fauna. Tilbakeføringa vil skje mest mogleg når masseuttaket i området er avslutta. Grenseområdet med område B sjåast i samanheng.



##### Område B:

Dette er eit område som terrasserast ved masseuttak i pallenivå. Palleveggane reinskast. Palletrinn vil bli tilført vekstjord og tilplanta slik at bakveggen delvis blir grøn, sjå figur under.





Over: bilde av område B i dag (henta frå «Norge i bilder»).

## 8 Konsekvensutgreiing (KU)

### 8.1 Samandrag

Det er ikkje krav om KU for denne planen. Vi viser her til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel, til planinitiativet og oppstartsmøte der konklusjonen var at det ikkje er behov for KU i denne saka. Det har heller ikkje kome fram ønskje om KU i samband med forvarslinga av planarbeidet.

Kommuneplanen peikar likevel på at skredfaren må avklarast. Noko som er gjort.

### 8.2 Grunngeving for ikkje KU

Arealbruken er avklara som del av kommuneplanarbeidet. Som følgje av dei vurderingane som vart gjort i «Planinitiativet» og som vart gjennomgått og drøfta på oppstartsmøte mellom tiltakshavar og kommunen, så var konklusjonen at det ikkje trengst KU, men at skredsituasjonen vert utgreidd og innarbeidd. Det har heller ikkje kome fram behov for eller ønskje om KU som følgje av justeringa av plangrensa.

## 9 Verknadane/konsekvensane av planframlegget

### 9.1 Overordna planar

I kommuneplanen sitt framlegg til arealdel er det sett av eit noko større areal for masseuttak mot sør/aust enn som er teke med i planen. Mot nord/vest er det i planframlegget teke med noko meir areal, m.a. grunna tilgang på lause massar lenger mot nord/vest enn det ein tidlegare var klar over. Dette vart varsla som del av planprosessen og det ligg ikkje føre merknader til ny avgrensing.

### 9.2 Landskap

Massetaket vil i stor grad vende seg vekk frå bebyggelsen i området. Den landskapsmessige verknaden vil oppstå som følgje av sjølve masseuttaket og ved at det flate arealet i foten av uttaket vert laga til som jordbruksareal. I området med uttak av lausmasser vil det over tid bli etablert naturleg vegetasjon. Dei ulike pallplana vil bli tilførte vekstjord og tilplanta i nokon grad. Tilføring av vekstjord vil gje grobotn for etablering/fortetting med naturleg vegetasjon og etter som tida går vil pallane verte tilgrodde og palleveggen si «fjellskjering» vil få delvis eit grønt uttrykk. Vi kan ikkje sjå at det m.o.t. landskapet vil bli etablert vesentlege langvarige konsekvensar som følgje av tiltaket – anna enn at området i seg sjølv vert endra.

### 9.3 Planområdet sin karakter

Planområdet består i dag av open fjellandskap med innslag av vegetasjon. Rundt planområdet er det vegetasjon (blandingsskog) – både langs sjøen og fjellsida. Med tida til hjelp vil planområdet sin karakter vende tilbake slik kringliggande område står fram.

### 9.4 Byggeform og estetikk

Ingen vesentlege forhold.

### 9.5 Kulturminne/kulturmiljø, ev. verneverdi

Viser til avsnitt 7.11. Det er lagt inn eit generelt krav i høve til kulturminnelova i føresegnene.

## **9.6 Forholdet til krav i Naturmangfoldlova**

Tiltaka som følgjer planen grip ikkje inn i vesentlege forhold knytt til natur og miljø. Plansjekk av naturmangfold har ikkje avdekket vesentlege moment. Konklusjonen er at den samla belastninga på området ikkje medfører vesentleg skade på naturmangfoldet i strid med forvaltningsmåla for naturtypar og økosystem (§4) og artar (§5).

## **9.7 Rekreasjonsinteresser**

Innan planområdet og tilgrensande strandsone er der ikkje særlege interesser knytt til rekreasjon. Strandlina er lite tilgjengeleg i dag grunna skråninga si helling og massane som ligg i skråninga.

## **9.8 Uteområde**

Ingen vesentlege forhold.

## **9.9 Trafikkforhold**

Ingen vesentlege forhold.

## **9.10 Born sine interesser**

Ingen vesentlege forhold.

## **9.11 Sosial infrastruktur**

Ingen vesentlege forhold.

## **9.12 Universell tilgjengelegheit**

Ingen vesentlege forhold.

## **9.13 Energibehov og energiforbruk**

Ingen vesentlege forhold.

## **9.14 Risiko- og sårbarheit (ROS)**

Viser til støyrapport og skredrapport. Påviste tiltak vert gjennomført.

## **9.15 Jordressursar/landbruk**

Ferdigstillinga av arealet ved foten av skjeringa vil tilføre ca. 26 da jordbruksareal.

## **9.16 Teknisk infrastruktur**

Området er knytt til EI- og vassforsyning frå Grevsneset.

## **9.17 Økonomiske konsekvensar for kommunen**

Planframlegget medfører ingen vesentlege konsekvensar for kommunen. Tilkomstvegen til massetaket går på eksisterande vegar og anna eksisterande infrastruktur vert nytta.

## **9.18 Konsekvensar for næring**

Ingen negative konsekvensar. Den positive konsekvensen av tiltaket er at Aurstad AS får tilgang til steinmateriale for det geografiske området Ørsta og Volda i ein periode på 8-15 år - avhengig av kva behov som gjer seg gjeldande. Steinmassane kan nyttast til alle byggeføremål med unnatak av som tilslag til betong- og asfaltprodukt.

## **9.19 Interesse motsetningar**

Det er ikkje kome fram slike.

### 9.20 Avveging av verknadar

Det er ikkje kome fram vesentlege verknadar av tiltaket anna enn den endringa av landskapet som vil følgje av masseuttaket og tiltak knytt til dette. Nødvendige tiltak følgjer av dei geologiske rapportane og gjeld tiltak som både er mellombelse i driftsperioden og tiltak som skal oppretthaldast også etter driftsperioden. Det siste vil gjelde sikringsvullen nedom uttaket av lause masser (område BSM1). Støyforhold vert tekne i vare i h.h.t. påpeika forhold i strøyrapporten. Så langt vi kan sjå er samfunnsnytta av tiltaket vesentleg større enn dei verknadar tiltaket vil ha på omgjevnadene. Vi viser elles til at etterbruken er godt i vareteken og at det vil bli etablert over 26 daa ny dyrkajord i området.

## 10 Innkomne innspel

Viser til vedlegg A1/A2 for nærmare vurderingar av dei ulike innspela.

### 10.1 Merknader/innspel kom inn som følgje av forvarsling/annonsering

1) Noregs Vassdrags og energidirektorat, NVE	dat. 21.10.2019
2) Møre og Romsdal fylkeskommune	dat. 22.10.2019
3) Statens vegvesen	dat. 24.10.2019
4) Direktoratet for mineralforvaltning	dat. 25.10.2019
5) Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 25.10.2019
6) Noregs Vassdrags og energidirektorat, NVE	dat. 12.11.2019
7) Statens vegvesen	dat. 21.11.2019
8) Møre og Romsdal fylkeskommune	dat. 03.12.2019
9) Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 04.12.2019
10) Direktoratet for mineralforvaltning	dat. 12.12.2019
11) Mattilsynet	dat. 09.12.2019
<u>Anna avklarande korrespondanse:</u>	
12) Statens vegvesen	dat. 04.12.2019
13) Fylkesmannen i Møre og Romsdal	dat. 19.03.2020

### 10.2 Oppsummering – dei viktigaste innspela til planarbeidet

- *Det må gjerast ei nærare vurdering av skredfaren i samband med planarbeidet*
- *Det vil vere viktig å sikre området og gjere sårå i landskapet så lite omfattande som mogleg.*
- *Det må i planføresegna setjast krav om minimumsavstand mellom tunnelen og masseuttaket og grense for risting i tunnelen ved drift av masseuttaket*

- *Mineralressursen må skildrast og det må gjevast ei vurdering av om den har dei ønskjelege eigenskapane for den aktuelle bruken av massane*
- *Uttaksområdet må sikrast*
- *Planområdet grensar i sør til ein lokalitet av naturtypen rik edellauvskog. Lokaliteten har verdi svært viktig.*
- *Vi ber om at føresegnene set konkrete krav til opprydding og reetablering av arealet.*
- *Tiltaket krev løyve etter forureiningslova kap. 30. Her stillast krav til skjerming, støvdempande tiltak, utslepp av støv, utslepp til vatn, støy m.m.*

### 10.3 Oppsummering – korleis innspela er tekne omsyn til i planframlegget

- Skredfaren er vurdert, jf. vedlegga C4 og C5. Påpeika tiltak er innarbeidd i planframlegget.
- Etterbruken er teken inn i føresegnene.
- Det er sett grense for minimumsavstand mellom tunellen og masseuttaket og grense for risting
- Mineralressursen er skildra. Massane har ønskjelege eigenskapar for aktuell bruk.
- Det er lagt inn buffersone mot edellauvskogen.
- Krav om ferdigstilling av arealet etter avslutta drift er teken inn i føresegnene.
- Krav som følgjer av forureiningslova kap. 30. er innarbeidd i framlegg til plan eller i driftsplan.
- Omsyn til edellauvskog er ivareteke. Støvvurdering og rasfare er gjennomført og tiltak innarbeidde. Støv frå drifta vert handsama i h.h.t. forskrift/driftsplan.

## 11 Avsluttande kommentar

Arbeidet med planen vart starta opp med kunngjering 14.09.2019, brev til berørte partar 10.09.2019 og med frist for merknad 29.10.2019. Planområdet vart varsla utvida 11.11.2019 med frist for merknad 12.12.2019. Det kom ikkje inn vesentlege merknader til utviding av planområdet.

I framlegg til arealdel i kommuneplanen er arealet i hovudsak sett av til massetak, utvidinga av planområdet medfører ikkje nye forhold. Konsekvensutgreiinga som kommunen gjorde i framlegget til kommuneplan viste ikkje vesentlege konsekvensar anna enn at skredsituasjonen måtte avklarast. I tillegg er støvsituasjonen avklara no, jf.

Forureiningsforskrifta kap. 30. Det har under planarbeidet ikkje kome fram forhold som tilseier at kommuneplanen sitt framlegg til arealbruk ikkje skulle kunne realiserast. Det er heller ikkje kome fram konflikter eller interessemotsetningar som kan vere til hinder for planframlegget. Merknader ved off. ettersyn, som gjeld bruk av vegen mellom Andaneset/Grevsneset og Løvikneset ser vi avklara gjennom vegdirektoratet sitt vedtak ved omklassifiseringa av vegen. Vegen er klassifisert som privat, og Vegdirektoratet sette vilkår for bruken av vegen. Berre grunneigarar som er medlem i pålagt veglag (jf. veglova) kan nytte vegen – og då på eigen risiko og med dei plikter som følgjer av veglova. Så langt vår geologiske konsulent kan sjå er ikkje føresetnadene for trafikk på strekninga Grevsneset – Løvikneset endra. Vegvesenet har heller ikkje konkludert annleis i planprosessen.

Dei ønskja om endringar som følgjer av E-post frå kommunen dat. 25. mai 2021 er avklara og innarbeidde i rev. planframlegg.

Så langt vi kan sjå samsvarer planframlegget med dei målsettingane som kommunen arbeider etter i kommuneplanen.

## **12 Eigne dokument**

### **12.1 Plankart**

Framlegg til plankart 2319-100 er vist i eige dokument. Utdrag/nedskalert kopi er vist nedanfor. Plankartet gjeld sosi-nivå 2 og følgjer også som sosi-fil.

### **12.2 Føresegner**

Føresegnene følgjer som eige dokument.

*Utsnitt av plankart, sjå neste side:*

---

Kåre Gjengedal  
Seniorkonsulent

*Revisjon 1 er utført av Norconsult AS.*

*Utsnitt av plankart, nedskalert, neste side:*

